

---

**Fra:** Hagen, Åsne <fmhoaha@fylkesmannen.no>  
**Sendt:** 13. januar 2017 13:22  
**Til:** Postmottak Lindås; Postmottak Meland; Postmottak Radøy  
**Kopi:** Thorsen, Lisbeth; Høyland, Grethe  
**Emne:** Førespurnad om høve til samarbeid om ekstra turnusstilling frå 1. september 2017

Til kommunane Lindås, Meland og Radøy:

Viser til e-post tidlegare med spørsmål om grunnlaget for å opprette ny turnusstilling i kommune frå 1. mars 2017.

Vi har så langt fått tilbakemelding frå ein av kommunane, som melder at kommunen ikkje har høve til dette for perioden frå 1. mars. Etter at vi sendte førespurnaden har situasjonen endra seg noko, og **behovet for plass er no først frå turnusstart 1. september 2017.**

Vi spør difor om dykkar kommunar – aleine eller i samarbeid – ser høve til å stille ei ekstra turnusstilling til disposisjon frå 1. september 2017.

Vi håpar på rask tilbakemelding og ber kvar kommune gi ei førebels tilbakemelding innan 23. januar om når kommunen vil kunne vite kva som må til for å få på plass ei eventuell turnusstilling.

Mvh

Åsne Hagen  
Rådgjever

Fylkesmannen i Hordaland  
Helse- og sosialavdelinga  
Tlf: +4755572228  
[www.fylkesmannen.no/Hordaland](http://www.fylkesmannen.no/Hordaland)  
[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)  
[Send melding til Fylkesmannen](#)

---

**Fra:** Hagen, Åsne  
**Sendt:** 14. desember 2016 15:26  
**Til:** 'Lindås' <[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)>; 'Meland' <[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)>; 'Radøy' <[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)>  
**Kopi:** 'Thorsen, Lisbeth' <[LisbethTherese.Thorsen@ihelse.net](mailto:LisbethTherese.Thorsen@ihelse.net)>; Høyland, Grethe <[fmhoGho@fylkesmannen.no](mailto:fmhoGho@fylkesmannen.no)>  
**Emne:** Førespurnad om høve til samarbeid om ekstra turnusstilling frå 1. mars 2017

Til kommunane Lindås, Meland og Radøy:

Som de kjenner til, manglar Haraldsplass diakonale sykehus (HDS) ei turnusstilling i kommune frå 1. mars 2017 til turnuslege som etter tilsettingsvilkåra har krav på turnus i ein av samarbeidskommunane til HDS. HDS v/Lisbeth Thorsen har tidlegare kontakta kvar einskild samarbeidskommune med spørsmål om det er høve til å opprette ekstra turnusstilling i kommunen. Kvar for seg har kommunane så langt ikkje sett rom for dette.

Ettersom Fylkesmannen skal bidra til at det er nok turnusplassar av god kvalitet i Hordaland, vil vi med dette sonde høvet til ad hoc-samarbeid mellom kommunar og evt. Nordhordland legevakt om å tilby ekstra turnusstilling frå 1. mars 2017. Behovet er på kort sikt, ikkje som ei varig ordning. Det vil bli gitt tilskot for ei ekstra stilling i kommunehelsetenesta, fordelt på dei kommunane som samarbeider om å tilby stillinga.

Fylkesmannen veit at de allereie gjer ein omfattande innsats med å stille turnusstillingar til disposisjon, og at det byr på utfordringar å organisere kontor plass og rettleiing til ein ekstra turnuslege. Som kommunane sjølve, er vi opptekne av at turnustenesta skal ha godt fagleg innhald og ikkje bli for fragmentert. Samstundes har kommunane vist stor evne til å finne praktiske løysingar for å auke kapasiteten i turnustenesta når det har vore nødvendig. Vi håpar at det kan vere mogleg også i denne situasjonen.

Med mindre vi saman finn ei løysing, kan Fylkesmannen diverre bli nøydd til å tilrå at Helsedirektoratet gir pålegg om å opprette ei turnusstilling. Dette er langt frå optimalt, og vi vil difor unngå det om mogleg. Vi håpar at aktuelle kommunar vil vurdere å samarbeide om ekstra turnusstilling, og ber om tilbakemelding med kopi til Lisbeth Thorsen så snart som mogleg og **innan 9. januar**.

Skulle situasjonen ha endra seg sidan førre kontakt med HDS, er det sjølvsagt òg velkomment om ein enkeltkommune kan stille ekstra plass til disposisjon.

Med vennleg helsing

Åsne Hagen

Rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland

Helse- og sosialavdelinga

Tlf: +4755572228

[www.fylkesmannen.no/Hordaland](http://www.fylkesmannen.no/Hordaland)

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

[Send melding til Fylkesmannen](#)